

2023

Kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med strategisk næringsplan



Hardanger og Voss Næringshage

v/ Sigmund Vereide

Eidfjord kommune

13.06.2023

Innhold

Samandrag	2
1.0 Styringsgruppa sitt arbeid og mandatet frå kommunestyret.....	3
2.0 Koplingar og føringar frå andre planar og rammeverk	4
2.1 Internasjonale føringar	4
2.2 Nasjonale føringar	5
2.3 Regionale føringar	5
2.4 Lokale føringar	6
Arbeidskommunen Eidfjord	7
Oppleving- og besøkskommunen Eidfjord.....	7
3.0 No-situasjon i Eidfjord.....	7
3.1 Næring og organisasjonsformer	8
3.2 Bedriftsturnover og generasjonsskifte	9
3.3 Sesongvariasjonar i næringslivet.....	10
3.4 Trafikk og infrastruktur.....	11
3.5 Folketalsutvikling	11
3.6 Type hushaldingar i Eidfjord	14
3.7 Kapital	14
3.8 Areal.....	15
3.9 Samarbeid og samhandling.....	15
3.10 Rekruttering.....	16
3.11 Landbruket	17
3.12 Hamn og cruise	17
3.13 Fritidsbustadundersøkinga	18
3.14 Hyttefolket som forbrukar av tenester og varer.....	18
3.14.1 Kva saknar hyttefolket?	19
3.14.2 Hyttefolket som ressurs for kommunen	20
3.14.3 Trendar - hyttekontor og fjernarbeidsplassar	20
4.0 Kommunen si rolle som tilretteleggjar.....	20
4.1 Samhandling mellom kommune og næringsliv	21
4.2 Kommunen sitt verkemiddelapparat.....	22
4.3 Vidare arbeid med strategisk næringsplan	23
Referansar.....	24

Samandrag

Under arbeidet med denne planen har styringsgruppa lukkast med å involvera mange bedrifter og sentrale aktørar i Eidfjord kommune. Prosessen har engasjert mange gjennom samtalar, folkemøte og intervju av bedrifter og fritidsbustadeigarar.

Ved intervju av bedriftene har me fått stadfesta både gamle førestillingar og avdekka ny kunnskap som er viktig for å meisla ut nye strategiar. Intervjua av fritidsbustadeigarane har synleggjort den humankapitalen denne gruppa utgjer i samfunnet Eidfjord, og potensialet for å vidareutvikla tenester og opplevingar for denne gruppa. Dette vil igjen utfordra strategiske val om lokalisering for desse tilboda.

Eit viktig tema som går att er samarbeid som ein utløysande faktor der me i utgangspunktet er få personar i kommunen. Samarbeid både internt i kommunen og eksternt med andre miljø, har på mange område ei utløysande kraft. Etablering og styrking av gode nettverk er sentralt for å utvikla næringslivet. Undersøkingane stadfestar eit utstrekt samarbeid mellom bedriftene internt i kommunen, men at det er eit stort potensiale for å styrka dette samarbeidet. I tillegg er det trong for å styrka samarbeidet utover kommunegrensene med andre næringsaktørar, Innovasjon Norge og FOU-miljø.

Bedriftene ynskjer gode møteplassar der dei vert meir sett av kommunen og etterlyser «ei dør inn» for å få lettare kontakt om nærings spørsmål. Eidfjord kommune brukar i dag store ressursar på å støtta bedriftene med mellom anna lån, tilskot, rådgjeving og infrastrukturtiltak. Ein revisjon av dei kommunale retningslinjene vil vera ein naturleg del av tiltaksplanen.

Strategiske utfordringar:

- Den viktigaste utfordringane for bedriftene i Eidfjord i dag er mangel på folk og bustad.
- Det er òg viktig at veksten skjer på ein berekraftig måte, som tek omsyn til miljøet og samfunnet sine langsiktige interesser. Her må myndigheitene finna ein god og berekraftig balanse, dette gjeld spesielt satsinga på hytteutbygging og cruise.
- Den raske digitale utviklinga fordrar endå sterkare ein god utbygd infrastruktur for å tiltrekke seg besøk og aktivitetar som gagnar næringsutviklinga.
- Identifisering og utvikling av lokale ressursar og næringer som har potensial for vekst og berekraft. Dette kan inkludera å støtta lokale gründerar og bedrifter, samarbeida med regionale og nasjonale partnerar, og utvikla infrastruktur og tiltak som støttar næringsutvikling i området.
- Undersøkingar synleggjer kor viktig det er for bedriftene å vidareutvikla og støtta dei mange arrangementa. Desse skapar stor aktivitet og etterspurnad av tenester. Generelt sett er tiltak som gjer Eidfjord kommune mindre sesongavhengig og skapar meir heilårsaktivitet, viktig for å oppretthalda eit godt servicetilbod i kommunen heile året.

Dei strategiske utfordringane i samandraget vil vera viktige faktorar i det vidare arbeidet med strategisk næringsplan og ein handlingsdel.

1.0 Styringsgruppa sitt arbeid og mandatet frå kommunestyret

- a) Kartleggja no-situasjon
- b) Strategiar for å leggja til rette for fleire arbeidsplassar i eksisterande næringsliv
- c) Strategiar for å leggja til rette for nyetableringar
- d) Kartleggja og føreslå nye område/areal for næringsutvikling

Kommentar: Arealplanarbeidet har gått parallelt med arbeidet med strategisk næringsplan. Administrasjonen har prøvd å kopla desse to prosessane.

Styringsgruppe:

- Rune Limstrand (leiar fram til våren 2023)
- Anne-Lise Bleie
- Bjørn Kåre Engseth
- Timo Knoch
- Gunvall Medhus
- Anders Vatle

Prosess og forankring:

Styringsgruppa har gjennomført:

- 7 møter
- 2 stk. intervju av bedrifter i Eidfjord - digitalt ServeyMonkey, oktober 2022 med 33 stk. respondentar og mars 2023 med 23 respondentar.
- 1 stk. intervju av hytteeigarar i Eidfjord - digitalt ServeyMonkey, februar 2023, 125 stk. respondentar.
- Workshop på Norsk Natursenter, Øvre Eidfjord. Invitasjon til alle bedrifter i Eidfjord i samarbeid med Eidfjord Næringslag. Ca 50 møtte.
- Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med strategisk næringsplan
- Presentasjon av spørjeundersøkingar for kommunestyre 19.juni 2023 av Hardanger og Voss næringshage v/ Sigmund Vereide
- Kunnskapsgrunnlag for strategisk næringsplan og spørjeundersøkingane for fritidsbustader og bedrifter vert offentleggjort.

Styringsgruppa har hatt sekretariat frå administrasjonen i Eidfjord kommune og hjelp frå Hardanger og Voss Næringshage AS.

2.0 Koplingar og føringar frå andre planar og rammeverk

Dette kapittelet viser rammeverk og kva føringar internasjonale, nasjonale, regionale og kommunen legg for denne planen.

Eidfjord er i samhandling med andre kommunar, Vestland fylke og nasjonale- og internasjonale institusjonar som avspeglar både kva potensial og rammer utviklinga av næringslivet har. Me visar i kap. 2.1 dei viktigaste premissleverandørane.

2.1 Internasjonale føringar

FN sine bærekraftsmål: [FNs bærekraftsmål](#)



FN sine bærekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungera som ein felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Land i heile verda har vore aktivt involvert i arbeidet med å utforma måla, og meir enn åtte millionar menneske har kome med innspel i prosessen. Bærekraftig utvikling handlar om å ta vare på trongen til menneska som lever i dag, utan å øydelegga framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekkja sine. Måla reflekterer at bærekraftig utvikling omfattar både miljømessig, sosial og økonomisk utvikling.

Eidfjord kommune har spesielt eit lokalt ansvar, og som ei brikke i ein større samanheng og i samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen treff gjennom ulike ansvar og rollar alle dei 17 bærekraftsmåla. Ved å tenka meir bærekraftig i alle tenester og utvikling er kommunen med på å oppnå eit større globalt mål for eit meir bærekraftig samfunn.

Utfordringar knytt til å nå bærekraftmåla gjev grunnlag for framvekst av nye næringar knytt til blant anna avbøtande tiltak og naturrestaurering

EØS-reglement for bedriftsstøtte, set rammer for kva myndigheitene har lov å gje bedriftene i støtte. [EØS-regler om offentleg støtte \(sticos.no\)](#)

Vilkåra er at støtta må innebera:

1. Ein økonomisk fordel, som føretaket ikkje ville oppnådd under marknadsmessige forhold, som tilskot, lån, garantiar, sal til underpris, skatte- og avgiftslette etc
2. At støtte er gjeve til et føretak, altså ei økonomisk aktivitet i ein marknad
3. At støtta er gjeve av statsmidlar
4. At støtta inneber ei sær handsaming av enkelte føretak føre andre
5. At støtta vri konkurransen og påverkar samhandel mellom dei ulike EØS-landa.

2.2 Nasjonale føringar

Meld. St. 40 (2020-2021) *Mål med mening* - Norges handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030. Regjeringa legg fram ein plan for korleis Norge skal nå berekraftsmåla. Meldinga går gjennom dei 17 berekraftsmåla og dei 169 delmåla.

NOU 2020:12 *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn* peikar på utfordringar og løysingar som er viktig å ta med seg vidare i arbeidet med strategisk næringsplan og vidare med tiltaksplanar.

Dei nasjonale føringane ligg som ei overordna føring for alle kommunar i Noreg, det er viktig å vita om dei når kommunen arbeidar med overordna planar.

NOU 2030: *Leve og oppleve – Reisemål for en bærekraftig framtid* tek føre seg dei unike reisemåla som Noreg har å by på og kva utfordringar dette gjev i ulike kommunar med høgt besøksvolum. Dette kan gje auka forureining, skada naturen, føra til auka forsøpling og skapa kø og trengsel. NOU peikar på kommunen sitt handlingsrom når det gjeld å styra besøk, forvalta lokale fellesgoder, og å finanisera desse og andre reiselivsrelaterte tenester.

2.3 Regionale føringar

Vestland fylkeskommune har utarbeidd plan for Berekraftig verdiskaping- regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 og set dermed retning for næringslivet i Vestland for dei neste tolv åra. Ambisjonane er at Vestland skal vera det leiande verdiskapingfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.




For Eidfjord er dei regionale føringane nærast oss i forhold til samarbeid og felles forståing med dei næraste samarbeidapartane. Grøn næringsutvikling, rett areal, rett kompetanse og eit inkluderande arbeidsliv er målsettingar som må takast hensyn til i kommunen sine planar. Enten direkte eller innarbeida som del av våre lokale mål.

Av andre regionale satsingar er regional reiselivsstrategi under arbeid via Visit Hardangerfjord og vil vera med på å setja rammer for vidare utvikling innanfor reiselivsnæringa.

2.4 Lokale føringar

Kommunen har ein langsiktig, strategisk plan med tolv års planhorisont. Vidare har kommunen meir detaljerte planar for ulike områder heilt ned til eittårsplanar.

Samfunnsdelen inneheld føringar under tema Arbeidskommunen og oppleving- og besøkskommune der mål og strategiar for næringsutvikling er viktige faktorar og legg føringar for vidare arbeid med strategisk næringsplan.



Arbeidskommunen Eidfjord

Dei fleste i Eidfjord har sitt yrke knytt til offentlig sektor, samt i reiselivsnæringa, småverksindustri, jordbruk og vasskraftproduksjon. Det er viktig å skapa nye arbeidsplassar. I tillegg lyt me styrka og vidareutvikla etablert næringsliv knytt til marknadsutvikling, samt gje grobotn for utvikling og stimulera gründermiljøet. (frå samfunnsdelen i kommuneplan Eidfjord)

Oppleving- og besøkskommunen Eidfjord

Fortrinnet til Eidfjord er at folk ynskjer å bu og oppleva flott natur. Dette er grunnlaget for reiselivet som byggjer på folk sine ynskje om gode naturopplevingar. Fjord, fjell og fossar særmerkjer Eidfjord som òg har turistpunkt nr. 1 i Hardanger med den attraktive Vøringsfossen. Det er derfor viktig at dette fortrinnet vert teke vare på ein god måte. Det er naudsynt å ta vare på naturverdiane som er grunnlaget for veksten. Dette krev ei god forvaltning både av naturen, kulturlandskapa og dei besøkjande. Eidfjord har ein unik geologi og kulturhistoriske tradisjonar lenge før vikingtida.

3.0 No-situasjon i Eidfjord

Dette kapitlet set fokus på no-situasjonen i næringsstrukturen, der me ser heilt generelle behov som kapital og areal til det meir konkrete innanfor til dømes hytteturisme og landbruk.


Kapitlet er basert på fakta og statistikk frå SSB. I tillegg er tal og informasjon henta ut frå dei tre spørjeundersøkingane me har gjennomført som har vore retta konkret til fritidsbustader og to undersøkingar knytt til bedriftene og næringslivet i Eidfjord.

Dette kapitlet er ikkje ment å vera uttømmende, men vil gi kunnskap og informasjon som legg grunnlag for det vidare arbeidet med strategisk næringsplan.

3.1 Næring og organisasjonsformer

Korleis fordeler bedriftene seg på dei ulike organisasjonsformer i Eidfjord?


I følge proff.no er det registrert, per 22. mars 2023, 252 føretak i Eidfjord som fordeler slik på organisasjonsformer:



Figuren viser at det er om lag like mange AS som ENK (enkeltmannsforetak). Kjelde Proff.no

Enkeltmannsforetak er den vanlege organisasjonsforma hjå bønder og selskap der dette vert skatta saman med den private inntekta. AS som selskapsform inneber mindre økonomisk risiko der både tilsette og aksjonærane er betre sikra om selskapet går konkurs.


Ser me på korleis både AS og ENK fordeler på dei ulike bransjane, ser me at reiseliv og bygg/anlegg sektoren er dei to største i Eidfjord i tal verksemdar. Deretter er det jordbruk, skog og fiske som har flest registreringane. Samanslåinga av grupper er gjort ved gjennomgang av liste med omsyn kva som var aktiviteten i selskapa.



Figuren viser bransjefordelinga i Eidfjord kommune. Kjelde proff.no

3.2 Bedriftsturnover og generasjonsskifte

Gjennomsnitt levetid for alle føretak som var etablert i Norge er 12 år. Ser me på overlevingssevna til eit nyetablert føretak i 2014, er denne berre 26,5% etter 5 år. Gjennom det 1. året er avskalinga på over 50% og er såleis den mest kritiske fasa for ei grunderbedrift. Dei vidare 4 åra som er målt er avskalinga lineær og endar på 26,5% etter 5 år. (tal frå SSB) Dette gjeld alle føretak samla. Dette er interessant i høve at det seinare i planen (kap. 4) vert drøfta korleis kommunen kan lagt til rette for nyetablering/grunderskap ved å tilby økonomisk støtte og rådgjeving.



Kjelde: SSB

3.3 Sesongvariasjonar i næringslivet


Då både reiselivet og bygg- og anlegg er to store næringer i Eidfjord, gjev dette kommunen utfordringar på svingingar i aktiviteten med store årstidvariasjonar. Spesielt reiselivet har topp om sommar, sjølv om det vert jobba med å få auka aktivitet i skuldersongen og meir fokus på vinteropplevingar. Sesongvariasjonen gjer at mange tilbud stenger om vinteren og Eidfjord vert ein stille stad med låg aktivitet. Eidfjord har vore medvitne på å skipa arrangement med fokus på vinteraktivitetar. Denne trenden at turistar søker opplevingar som skjer heile året, er viktig for Eidfjord. Men då må tilbodssida henga med og tilby spanande opplevingar. Tromsø har t.d.. utvikla dette på Kvaløya med lavvobesøk med servering, hundspannkøyring og nordlyssafari mm. med stor suksess.

Eidfjord kommune har status som «typisk turiststad», og mange i bygda har sitt yrke knytt til reiseliv. Det er mange element som høyrer til eit heilskapleg reiselivsprodukt. Dermed er det mange aktørar med ulike rollar og oppgåver i reisemålet.

Cruisetraffikken har tidlegare vore knytt mest til sommar men har dei siste åra meir spreidd utover heile sommarhalvåret frå april til og med oktober. Det er innmeldt 79 anløp i 2023. Korleis denne utviklinga vert framover, er truleg eit resultat av politisk vurdering av kva som er ei berekraftig cruisesatsing. Potensialet i marknaden for auka i tal skip er til stades om lokalsamfunnet toler den trafikken cruisebåtane medfører.

Eidfjord har hatt mange turbussturistar i sommarsesongen frå Asia tidlegare, denne turismen har ikkje teke seg oppatt etter covid19-utbrotet.

Eit eksempel på at marknaden veks og aksane strekk seg ut over eigen kommune er "minicruise" som har starta opp for sesongen 2023. Som døme på tilbod er Hardangerfjorden med båt frå Ulvik til Eidfjord og vidare til Norheimsund ([The Great Waterfall and Fjord Tour](#)) og [Hardangerfjord in a Nutshell](#). Her vert fjordcruise kopla saman med tog og buss få opplevingar i Hardanger.



Figuren viser eit av dei nye turisttilboda «Hardanger i eit nøtteskal» som startar sesong 2023 der ein matar inn turistar via Oslo og Bergen som «start» og «endestasjonar».

3.4 Trafikk og infrastruktur

Vegen er viktig for distrikta og spesielt Rv7 som går igjennom heile kommunen og bind oss saman med nabokommunar og andre regionar. Langs vegen er me òg avhengig av god infrastruktur og tilrettelegging for å få folk til å stoppa i kommunen vår.

I Statens vegvesen sine registreringar finn me òg tal for tunge køyretøy. Slik er ÅDT-tala for desse i 2019 for Rv 7 Hardangervidda er 273 tunge køyretøy av totalt 1369. Dette utgjør 20 %.

Hardangervidda tunnelane AS er eigd av kommunane Hol, Eidfjord, Nore og Uvdal, Ulvik, Ål og Ullensvang. Selskapet har som hovudformål å etablere sikker heilårsveg over Hardangervidda (Rv 7) gjennom bygging av tunnelar.


I 2022 var det 154 personar som pendla ut av kommunen og 58 personar som pendla inn til Eidfjord for å arbeida. Underskotet er såleis på 96 arbeidsplassar og kommunen er såleis ikkje ulik dei andre kommunane i Hardanger.

Nasjonale turistvegar og utviklinga av rasteplassen ved ikonpunktet Vøringfoss blir ferdigstilt våren 2024 og vil vera ein heilt sentral del av vidare turisme i Eidfjord, her vil det òg etablerast ladestasjonar som bidreg positivt i forhold til elbilane sine lademoglegheiter.

Elbilladestruktur vert avgjerande for å halda på personbiltrafikken og tungtrafikk over Hardangervidda. Eidfjord har god ladekapasitet i sentrum. Ladekart, appar og anna visar veg og rettningsval i forhold til kvar du kan lada, og kvar det er kapasitet.

3.5 Folketalsutvikling

I år 2000 hadde Eidfjord kommune eit innbyggartal på 1037 personar, og i 2020 var folketalet redusert med nesten 9% til 903 personar. Sidan 2020 har folketalet stige til 962 i 4. kvartal 2022. Kommunegrensejusteringa mellom Eidfjord og Ullensvang kommunar tredde i kraft 01.01.2022 og har såleis «hjelpet» til med nesten 30 innbyggjarar. Flyktingar frå Ukraina har og vore med å løfta innbyggartalet.



Figuren viser utvikling i folketallet i Eidfjord i perioden 2000 – 2020. SSB

Kilde: Familier og husholdninger, Statistisk sentralbyrå

Forventet utvikling



Kilde: Regionale befolkningsframskrivninger, Statistisk sentralbyrå

Figur om forventa utvikling i folketallet.


SSB si framskriving viser ei prognose som viser at folketallet i Eidfjord er ganske stabilt fram til 2050.

Distriktsnorge er avhengig av å ha folk buande, og me er avhengig av tilflytting for å stabilisera, og helst auka, folketallet over tid. Tilflytting frå innland og utland er naudsynt for å kunne stabilisera og auka folketallet i distrikta.

Det vert fødd færre personar enn dei som dør. Dette skuldast overvekt i den eldre delen av alderssamansetjinga og mangel på kvinner i produktiv alder som føder barn. For å halde folketallet stabilt eller med vekst, treng me auka innflytting og fleire innbyggjarar i produktiv alder.


Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



Figuren viser alderspyramide Eidfjord 2020. Kjelde SSB.

3.6 Type hushaldingar i Eidfjord



Samansetjinga av type hushald gjev eit bilete på korleis utvikla går med framtidig trong for type bustadar. Trenden, som elles i landet, er at det vert fleire åleinebuande i Eidfjord, noko som påverkar etterspurnaden av mindre bustadar, som t.d. små leilegheiter som har livsløpsstandard og plassering slik at folk kan bu lengst mogeleg heima i alderdomen. Det var totalt **531 einebustader og 10 leilegheiter** i Eidfjord i 2022. Bustader, Statistisk sentralbyrå 2022.

Dette viser, sjølv i distriktet, ein svært låg dekning på mindre bustadar i Eidfjord. (Her er nokon fleire leilegheiter som me oppfatar som leilegheiter, men 10 stk. er etter SSB definisjon)

3.7 Kapital

Bedriftsundersøkinga oktober 2021 viser 35% av bedriftene som vart spurde i undersøkinga mars 2023 opplever det som svært vanskeleg eller vanskeleg å få tilgang på kapital. Bedriftene er avhengig av kapital for å veksa. Det trengs kapital til fornying og investering for mange bransjar, spesielt innan produksjon og industri. Heile 52% opplyser om at utviklingsarbeid eller nye satsingar ikkje kan gjennomførast på grunn av manglande kapital.

Spesielt for nyetablerte bedrifter er det vanskeleg å ha god nok sikkerheit for å få lån i bank. Det er heller ikkje noko kultur i Eidfjord å «gå på bygda» og samle kapital, eller å delta i folkefinansiering. Dei ulike kapitalfonda for næringslivet er eit smalt nålauga å koma gjennom. Sparebankstiftinga Hardanger arbeidar med å etablere eit nytt næringsfond.

3.8 Areal

Eidfjord har hatt, og har, utfordringar med å leggja tiltrette naudsynt og rett type areal for næringslivet, viser undersøking hjå bedriftene og kommuneplan sin samfunnsdelen. Dette botnar i utgangspunktet med den geografiske lokaliseringa Eidfjord har med tronge dalar og skred- og ras utsett areal. Klimaendringane er med å avgrensa tilgang på sikkert areal grunna meir ekstremvêr som gjer areal meir flaum-, ras- og skredutsett. Det er store areal på fjellet som det er knytt vern- og naturomsyn til. LNF-område er heller ikkje lett å ta i bruk grunna jordvern og naturvern.

Det er svært ulike behov for næringsareal. Dei lokale bedriftene ynskjer mest tilpassa areal der dei er etablert. For nye større etableringar, gjerne førespurnader frå selskap utanfor kommunen, er Simadalen og liknande eigna areal for ny industri mest aktuelt. Vidare arbeid med klargjering av arealet i Simadalen vert viktig i arealplanar. Simadalen er eit område som vekker interesse i høve kraftkrevjande næringar, spesielt i kombinasjon med kaitilgang. Invest in Bergen, der Eidfjord kommune er ein av eigarkommunane, arbeidar i lag med kommunen for å kunne promotera området for nasjonalt og internasjonalt næringsliv.

I arbeidet med arealplanen har det vore mange folkemøte der kommunen har fått konkrete innspel frå næringslivet. Dette er ein viktig prosess for å finne naudsynt og eigna areal til næringsformål. Dette vil vera med å styrkja næringslivet i Eidfjord kommune og skapa ei meir berekraftig og nyskapande utvikling for framtida.

3.9 Samarbeid og samhandling

Samarbeid med andre bedrifter om utvikling av produkt og tenester var 67% som svarte. Nest flest var samarbeid med kundar for å utvikla tenester og produkt til deira behov på 29%. Det er ingen som oppgjev samarbeid med offentleg samarbeidspartar som kommune, fylke eller Innovasjon Norge. Det ingen som svarar at dei samarbeider med miljø som arbeidar med forskning og utvikling (FOU).

Her er nokre av dei viktigaste tenestene og støtteordningane Innovasjon Norge kan tilby etablerte bedrifter i Eidfjord:

1. Finansiering: Innovasjon Norge kan tilby ulike finansieringsordningar som kan hjelpe bedriftene med å realisere sine prosjekt og utviklingsplanar.
2. Kompetanseheving: Innovasjon Norge kan gje råd og tilby kompetanseheving gjennom kurs, workshops og mentorordningar.
3. Internasjonalisering: Innovasjon Norge kan gje støtta til bedrifter som ynskjer å utvida si verksemd til utlandet, både gjennom finansiering og rådgjeving.

4. Innovasjonsprosjekt: Innovasjon Norge kan tilby støtte til bedrifter som ynskjer å utvikla og testa ut nye produkt, tenester og forretningsmodellar.
5. Grøn omstilling: Innovasjon Norge kan gje råd og tilby støtta til bedrifter som ynskjer å redusera sin klima- og miljøpåverknad og utvikla meir berekraftige forretningsmodellar.
6. Nettverksbygging: Innovasjon Norge kan tilby nettverksbygging og samarbeid med andre bedrifter og aktørar i næringslivet, både nasjonalt og internasjonalt. Desse tenestene kan bidra til å styrkja og vidareutvikle etablerte bedrifter i Eidfjord, og gje dei auka konkurransekraft og moglegheiter for vekst og innovasjon.

3.10 Rekruttering

Rett kompetanse er viktig for at bedriftene skal utvikla seg godt. Undersøking som vart gjort i mars 2023, spurde bedriftene om korleis dei oppfatta kompetansesituasjonen for seg sjølv og bedrifta. Dette gjeld meir og meir kompetanse om miljøutfordringane samfunnet har i dag og framtida.

Bedriftsundersøkinga viser at bedriftene slit med å rekruttera folk til ledige stillingar. Spesielt gjeld dette reiselivet og mangel på kvalifiserte søkjarar.

Bedriftene i Eidfjord opplever at det er ei stor utfordring å skaffa bustader til tilsette. Bustadmarknaden har liten omsetning og det vert bygd få nye bustadeiningar. I 2022 var det berre bygd 3 bustadar. Spesielt er det lite leilegheiter å få leiga eller å få kjøpt.

3.11 Landbruket

Landbruket har fått færre arbeidsplassar i Eidfjord, som elles i landet. Det var i 2021 17 bønder som søkte produksjonstillegg, mot 34 i 2001. I same tidsrom var sauetalet over halvert medan storfe og mjølkekyr har vore stabilt. Det er ei samdrift på mjølk, Hardangermjølk, og ei samdrift med ammekyr, Eidfjord urfe. Det er ein fruktprodusent i 2021 som leverte til fruktlageret. I 2022 vart Bu lagt til Eidfjord i samband med regulering av kommunegrensar, og det har såleis vorte to fleire som har søkt produksjonstillegg i 2022.

Landbruksaktiviteten er og ein viktig for vedlikehald av det flotte kulturlandskapet. Landbruket er og råvareleverandør til lokalmat- og drikkeprodusentar. Lokalmat har ein sterk tradisjon i Eidfjord noko som den årlege matkulturfestivalen stadfester.

Kommuneplanen, samfunnsdelen oppsummerar landbruket slik:

«Me får eit livskraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd ved å arbeida for å auka kunnskapen om og forståing for kor viktig landbruket er for å oppretthalda kulturlandskap, kulturmiljø, steingardar, gamle frukthagar, bygningar, vatningsveiter m.m. informera landbruksentreprenørar om ulike tiltaksordningar knytt til alternativt landbruk og attåttnæringar stimulera til produksjon og sal av lokal mat stimulera til nye tiltak innafor landbruket»

3.12 Hamn og cruise

Med sine om lag 80 skipsanløp i 2023 og over 200.000 passasjerar betyr desse gjestane mykje for bedriftene i Eidfjord. For 2020-sesongen var det innmeldt 127 cruisebåtar som skulle vitja Eidfjord, mot 89 i 2019. Så kom covid19 og det vart brott stopp for cruisetrafikken.

Mange bedrifter har cruiseturistane som hovudkunde og baserer aktivitetane på desse. Destinasjon Eidfjord sel billettar til opplevingar for ca. 7,5 mill. kroner. Dette er berre ein liten del at den totale summen cruisegjestane legg att. Cruiseanløpa gjev òg gode inntekter til Eidfjord kommune som drifrar cruisehamna. I eit normalt år legg dei att mange titals mill. i form av hamneavgifter til kommunekassa.

Arbeidsoppgåvene med cruise skal no leggst inn i det nye selskapet Visitt Eidfjord KF som også tek over oppgåver frå Destinasjon Eidfjord.

Book Hardanger AS er òg nyskipa selskap som skal arbeida for å auka verdiskapinga i reiselivsrelaterte verksemder gjennom kommersielt sal på digitale plattformer.

Ein gjennomgang av 10 ulike analysar av cruiseturistar sitt forbruk i land i Norge i perioden 2005 – 2018 viser til dels ulike resultat. På nasjonalt nivå (tre undersøkingar) er det rekna at dei cruiseturistane som går i land i gjennomsnitt legg att (i 2018-priser) frå 542 kroner til 952 kroner per landbesøk jf. Petter Dybedal, Transportøkonomisk institutt 2019. Sjølv cruiseturistane legg att mindre enn andre

turistar, vert dette store inntekter gjennom ein sesong som no varer om lag 7 månadar i Eidfjord.

3.13 Fritidsbustadundersøkinga

Det har i samband med utarbeiding av denne planen vore gjennomført ei undersøking hjå fritidsbustadeigarar der 9,5% (125 stk.) har respondert av eit potensiale på 1314 hytteeigarar i Eidfjord kommune.

92% av dei som svarar har fritidseigedomen sin lokalisert i området Sysendal/fjellet, og 96% nytta hytta sjølv utan nokon form for utleige.

Fritidsbustadseigar-undersøkinga viser og at 55% av dei som svarar er 1-2 vaksne på hytta. Resten, 45%, er 3-5 vaksne personar på hytta. Gjennomsnittleg vert dette 3 vaksne per hytte. Av dei som svarte, er det berre 5% som er mellom 20 – 40 år. Dei «unge eigarane» er i mindretal. Den største aldersgruppa (47%) som svarte, er mellom 50 – 65 år og representerer såleis «pensjonistane». Aldersegmenta er viktige å merke seg for å lukkast med planlegging av nye aktivitetar og tilbod med hyttefolket som kundemasse.

Undersøkinga viser òg at 35% ikkje har barn på hytta, medan det er 14 % med eitt barn, 33% med 2 barn og 13% har 3 barn med på hytta. 5 % svara at dei hadde 4 eller fleire barn på hytta. Gjennomsnittleg vert dette 1,3 barn per hytte då det er så mange som ikkje har barn på hytta.

Totalt gjev dette ein gjennomsnittleg familie på 4,3 personar per hytte i Eidfjord. 44% av hytteeigarane opplyser at opphaldstida på hyttene 4 - 6 veker og at 37% som nyttar den mellom 2 til 5 månader. Når me ser på kva årstid hytta vert brukt, er bruken jamt fordelt over heile året.

Årstidbruken er jamt fordelt på alle månadane med ein liten nedgang på våren. Fordeler me hyttebesøket ut over heile året utgjer dette dagleg 386 personar gjennomsnittleg på hyttene i Eidfjord (der me legg til grunn gjennomsnittleg 5,5 veker opphald). 386 personar er eit vesentleg supplement til innbyggartalet på 962 personar. Reknar me andre besøkande frå bilturisme, cruise etc., påverkar dette krav til beredskap på helse/brann, handel og alle andre tenester gjestane nyttar. Samstundes er dei besøkande ein viktig ressurs å invitara til å delta i utviklinga av kommunen. Ikkje minst i ein kommune med storleik som Eidfjord.

3.14 Hyttefolket som forbrukar av tenester og varer

Frå 1980 og framover har det skjedd ei stor utvikling i Sysendalen. Antal hytter har gått frå ca. 200 i 1980 til ca. 1314 i 2022. Denne utviklinga vil fortsetja då Eidfjord kommune har i sine planar godkjent over 1600 hytter/bueiningar i Sysendalen. Berre i 2022 vart det bygd 70 nye fritidsbustader (mot 3 bustader same år)

Det er mange tenester, utover arbeidet ved utbygging av hytter, som vert etterspurd. Typiske tenester som brøytetenester, oppsyn og vedlikehald, levering av brensel og alt anna ein hytteigar treng av tenester.

I tillegg til matbutikkar er det varehandel som skal stetta dagens krav til fritid- og sportsutstyr. Matsservering, pub, sosiale møteplassar med tilbod om innandørsaktivitetar når vêret er utfordrande å ferdast i, er noko som hyttefolket etterspør i undersøkinga.

Hyttefolket er jamt over nøgd med dagens aktivitetstilbod der dei har fritidsbustaden sin, men etterlyser fleire aktivitetar og tilbod. Dette gjeld spesielt nye aktivitetar og møteplassar innandørs med matsservering, pub, bad mm.

Det er fjellturar i skog og fjell som er den mest nytta aktiviteten. Deretter kjem skigåing, fiske og aking/snø leik. Det er interessant å merke seg at fiske er eit så mykje brukt tilbod. Bading og sykling er òg mykje nytta aktivitetar hos hyttefolket.

Skigåing som er den mest nytta aktiviteten, fordeler seg på ulike typar skiturar. Turar på langrenn og fjellski er klart den største gruppa. Utøving av slalom/brettkøyning kjem som prioritet nummer 3.

3.14.1 Kva saknar hyttefolket?

Undersøking spør og om kva hyttefolket saknar. Svaralternativa er lagt opp til utfylling av svarskjema med ope svaralternativ som vert presentert som ei ordskey.

Kva aktivitetar, tilbod eller tenester ville du brukt om dei vart tilbydd? (79 svar som grunnlag for ordskeya)



Svara frå hyttefolket er at dei saknar kafé, restaurant, pub, større skitrekk, fleire aktivitetar for ungdom, betre tilrettelegging for turstiar, sykling et. Felles for mange av desse svara er at dei ynskjer fleire sosiale møteplassar. Men nokon svarar òg at dei ikkje vil ha eller treng fleire tilbod, dei er på hytta for å nyte fred og ro og ser meir utbygging som negativt.

3.14.2 Hyttefolket som ressurs for kommunen

I undersøkinga hjå bedriftene i Eidfjord oktober 2021, spurde me bedriftene om kven som var dei viktigaste kundane deira. Her kom hyttefolket ut som nummer ein før dei lokale private som nummer to. Dette er med å stadfestar kor viktig hyttefolket er for næringslivet som kundar og forbrukar.

Hyttegjestane er den kundegruppa bedriftene i Eidfjord meiner er viktigast for si bedrift. Nest viktigast er lokale private og den tredje viktigast er turistar/reisande.

I moderne besøksforvaltningsstrategi er det i dag relevant å stille spørsmålet: «Kva kan dei besøkande gjera for bygda og innbyggarane?» Tidlegare var det «Kva kan innbyggarane gjera for dei besøkande?». Det er mange hyttefolk som ynskjer å vera ressurspersonar for å utvikla næringslivet. Hyttefolk er først og fremst ei viktig «kundegruppe» som er grunnlaget for mange tenester og tilbod frå næringslivet. Men hyttefolket er òg ei viktig gruppe som kan vera med å utvikla næringslivet i Eidfjord. I følgje undersøkinga er det kompetanse hjå hyttefolket som kan nyttast til å utvikla både gründerbedrifter og etablert næringsliv. Eksempel på denne type svar er hjelp til nettverk, ideutvikling og tilgang til kapital.

Det er 19 personar som har svart her, og i reine tal kan det såleis med ein svarprosent på 9,5, så kan det vere over 10 gonger så mange som kunne tenkja seg å engasjere seg i å utvikla næringslivet i Eidfjord.

3.14.3 Trendar - hyttekontor og fjernarbeidsplassar

Etter covid19 har det skjedd ei endring for bruk av heimekontor. Fleire ynskjer og brukar heimekontor i dag enn før pandemien. Under pandemien var det mange som nytta fritidsbustaden som heimekontor. I undersøking som er gjort av hytteeigarane mars 2023, oppgjev 55% av dei som svarte at dei brukar hytta som heimekontor slik: 35% nytta den 1-2 veker i året meda 8% 3-6 veker i året. Viktigaste grunn for å ikkje bruke hytta meir som heimekontor er kapasitet på tilgjengeleg internett.

Ein annan trend er som er forska på (Norce 2022), er at fleire arbeidstakarar no får lov av arbeidsgjevar og bu og arbeida fortrinnsvis på heimplassen eller andre ynskjeleg stadar enn hovudkontor. Denne type fjernarbeidsplassar er eit interessante aspekt for å få fleire folk til å jobba og bu i distrikta. Dette er det fleire kommunar som t.d. Kvam som no vil tilby kontor plassar i attraktive kontor fellesskap som eit verkemiddel til å få fleire innbyggarar og vekst i kompetansearbeidsplassar. Per i dag veit me ikkje om eksempel på dette i Eidfjord, men det har til no ikkje fått mykje fokus på denne type tilrettelegging heller.

Om hytteigaren ville bruke tilrettelagt kontor utanom hytta, svarar 80% at dei då ville føretrekkje dette lokalisert i Sysendalen/fjellet og 20% svarar i Eidfjord sentrum.

4.0 Kommunen si rolle som tilretteleggjar

Kommunen har fleire roller i lokalsamfunnet, først og fremst må kommunen ivareta forvaltningsrollen, der me syter for å ivareta samfunnsmessige interesser i høve til

offentlege lover, forskrifter og reglement. Deretter som tenesteytar som gjev tenester innan helse, oppvekst, VA og kultur med meir. Forvaltninga og tenesteproduksjonen er stort sett knytt til lovpålagte oppgåver som er styrt av reglar og retningslinjer.

Kommunen sin rolle som tilretteleggjar for næringsutvikling er eksempel på ei ikkje lovpålagt kommunal oppgåva der kommunen står mykje friare i si organisering og grad av involvering. Denne rolla er ein sentral del av kommunane sitt samla engasjement innan lokal samfunnsutvikling og må ivaretakast på ein måte som bidreg til positiv utvikling over tid.

Det er ingen fasit eller bestemt oppskrift på korleis kommunen kan lukkast med næringsutviklingsarbeidet. Det same gjeld for organisering av det kommunale næringsutviklingsarbeidet.

I dag og vidare visar befolkningsstatistikk og utvikling, samt alderssamansetning at arbeidskraft og kompetanse i langt større grad er og vil verta ein knappheitsfaktor. Å lukkast med næringsutvikling handlar om meir enn å bidra til å skapa arbeidsplassar. Det skal vera òg vera attraktivt både å jobba og bu i ein kommune.

4.1 Samhandling mellom kommune og næringsliv

Utdrag frå samfunnsdelen i kommuneplan 2015 – 2027:

«Me får styrka samarbeid og samhandling mellom kommunen og næringslivet, og mellom dei ulike næringslivsaktørane ved å ha jamlege møte med næringslaget vidareføra og styrkja samarbeidsforum i Eidfjord ha heilskapleg marknadsføring av Eidfjord-med felles layout for reiselivet og andre næringsaktørar/forretningsaktørar arbeida for at me har felles overordna mål og kva retning utviklinga skal gå auka kunnskapen og forståinga av at me vert sterkare gjennom samarbeid.»

Det står vidare «Me skal verta ein aktiv vertskommune for næringslivet ved å ha rask og effektiv sakshandsaming ha oppdaterte retningslinjer for næringsstøtte»

Næringslivet har vore tydelege, i workshopsmøte og i undersøkingar i dette arbeidet, at dei ynskjer endå betre samarbeid med kommunen. Dei ynskjer å verta invitert til gode årlege møteplassar, med referanse til liknande møter, som workshop i Øvre Eidfjord, for å drøfta og samhandling om næringsutvikling. Strategisk næringsplan vil vera eit naturleg tema på slike møter når den skal rullerast og følgjast opp med ulike tiltaksplanar.

Næringslivet har og uttalt ved fleire høve (intervju og workshop) at dei ynskjer «ei dør inn» til kommune for å drøfta næringsspørsmål. Sakshandsamingstid på byggesaker og andre saker som er viktig for næringslivet har og vore uttrykt ynskje om å korte ned.

Nettverksbygging er viktig for alle næringsdrivande og her kan kommunen ha ei rolla som koordinator for internt og eksternt samarbeid.

4.2 Kommunen sitt verkemiddelapparat

Kommuneplanen sin samfunnsdelen slår fast at:

«Eidfjord kommune skal vera ein aktiv vertskommune for næringslivet syta for at det vert enklare å etablera nye arbeidsplassar arbeida for at det vert etablert nye arbeidsplassar innan reiselivsnæringa, direkte og indirekte støtta næringslivet i deira arbeid med kvalitets- og kompetanseutvikling arbeida for at det vert offentlege arbeidsplassar i kommunen ha eit livskraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd styrka samarbeid og samhandling mellom kommunen og næringslivet og mellom dei ulike næringslivsaktørane.»

Kommunen har eit breitt spekter av støtteordningar:

www.eidfjord.kommune.no/tenester/naring-og-arbeidsliv/etablera-eiga-bedrift/naringsstotte/

I svara frå undersøkinga som gjaldt dei som har fått innvilga kommunalt lån så svara 37% at dei vurderer effekten av kommunalt lån som 1 og 2 som er låg score, sjølv om det er overvekt av bedrifter som meiner kommunalt lån har gjeve dei god effekt.

Bedriftene vart spurt om tolv ulike måtar Eidfjord kommune kan bidra/påverka gjennom, der bedriftene rangerte dei i ein skala frå 1-12:

Undersøkinga viser bedriftene sine prioriteringar av dei kommunale tiltaka for bedriftene Eidfjord kommune:

- 1) Kommunalt tilskot
- 2) Utbygging av infrastruktur
- 3) Støtta til rådgjeving
- 4) Kommunalt lån
- 5) Leiga av kommunalt område for næring

(30 bedrifter har svart)

Dei 16 svara frå bedriftene på årsakstilhøve på kvifor dei ikkje har søkt nokon av tilskota. Det er mange som opplyser at dei opplever det som vanskeleg å følgja med på informasjon og at dei opplever det som vanskeleg å søkja kommunen om støtte.

«Me gjer det lettare å etablera nye arbeidsplassar ved å støtta opp om etablerarar ved t.d. rettleiing og søknadshjelp arbeida for ein "node" i Eidfjord av ein større næringshage» heiter det i Kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Eidfjord kommune har tilbode bedriftene gratis konsulenttenester som dei kan søkja kommunen frå 2019. Når ei bedrift har fått innvilga søknad, kan den få opptil 20 timar gratis rådgjeving hjå Hardanger og Voss Næringshage. Sida 2019 har 15 bedrifter fått innvilga denne type rådgjevingsavtale med næringshagen.

Sjølv om det var overvekt av nógde bedrifter som meiner hjelpa har gjeve god effekt, er det grunn til å evaluera hjelpa for å få endå fleire opp i øvre skala.

Næringsområder og infrastruktur vert trekt fram som viktig i undersøkinga. Her vil kommunen sin arealplan som del av kommuneplan være sentralt, kva område er klare og kva område bør klargjerast for næringsaktivitet i kommunen. Her vil òg infrastruktur spela inn, skal me vera tidleg ute og leggja til rette eller skal me avventa interessentar før me vidareutviklar.

Kommunen kan her ta ei aktiv rolla både i høve til arealplanlegging, men òg i høve tilrettelegging av infrastruktur som veg, vatn, straum, rassikring og liknande som gjer områda gryteklare for næringsetableringar.

4.3 Vidare arbeid med strategisk næringsplan

Kunnskapsgrunnlaget som vert presentert i denne rapporten vil vera eit viktig grunnlag for vidare arbeid og dialog i arbeidet med ein strategisk næringsplan. Grunnlaget er ei blanding av generell informasjon og statistikk. Den meir konkrete informasjonen er henta frå lokalt næringsliv og hytteigarar som er dei mest direkte kjeldene me har for å ta temperaturen på dei utfordringane og moglegheitene som må sjåast på.

Den store jobben, og kreativiteten vidare, kjem inn når me i tillegg ynskjer vidareutvikling og nyetableringar, samstundes som me skal ta vare på etablert næringsliv, innbyggjarar og besøkande.

Administrasjonen ynskjer å ta det arbeidet som er gjort her vidare hausten/vintaren 2023 med å utarbeide ein strategisk næringsplan, og ikkje minst ein levande handlingsplan. Forankring og eigarskap i administrasjonen til næringsplan, og spesielt handlingsplanen som eit levande dokument i det vidare arbeidet, vil vera sentralt for å kunne utøva rolla kommunen skal ha som tilretteleggjar og koordinator.

Referansar

Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Eidfjord kommune, Samfunndel av kommuneplan 2015 – 2027

Eidfjord kommune, heimeside. Informasjon status el-ladestasjonar i Eidfjord 2023

EØS-regler om offentleg støtte, sticos.no

Kronikk Ottar_Hellevik, professor emeritus, UIO 2016, forskning.no. Validitet interjuv

Meld. St. 40 (2020-2021) *Mål med mening* - Norges handlingsplan for å nå berekraftsmålene innan 2030

Proff.no Bedriftsopplysningar Eidfjord kommune

Regionanalyse, kommunedata Eidfjord Telemarksforskning,

SSB data

Ulvik kommune, landbrukssjef. Landbruksdata Eidfjord kommune, pers med. 2023

Undersøking MonkeyServey bedrifter i Eidfjord, februar 2023

Undersøking MonkeyServey bedrifter i Eidfjord, oktober 2021

Undersøking MonkeyServey fritidsbustad-eigarar i Eidfjord, mars 2023

Telemarksforskning, Regionale analyser og attraktivitet 2022

Workshop, Øvre Eidfjord 18. oktober 2022